



MØTEPROTOKOLL

Utval: Personal og økonomiutvalet
Møtedato: 09.09.2010
Møtetid: 15:00 - 18.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert 1 varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Vidar Rolland Bl	Olaug Øystese Ap

Andre som var til stades på møtet:

Hilde Lill Våge – Konstituert rådmann Magda Haugen – Politisk sekretær

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	Utvalet løyver ei ekstra løyving i samband med opning av ekomuseum hos Johannes Tysse sin tønneproduksjon. Samnanger kommune v/ordførar er vertskap og ordførar får inntil kr. 20.000 frå næringsfondet til disposisjon i samband opninga.
Utvalet sitt kvarter:	Brigt Olav Gåsdal stilte spørsmål om kommunen hadde vore i dialog med innbyggjar om vasskvalitet. Ordføraren orienterte at i den konkrete saka på Tysse er det gjennomført tiltak som no gjev god nok vasskvalitet.
Dokument utlevert i møtet:	

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 23.09.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
035/10	10/462	Faste saker	
036/10	10/410	Finansiering Ytre Tysse	
037/10	10/444	Søknad om tilskot frå Næringsfondet i høve tildelt drosjeløyve - Trond Haga	U Ikkje offentleg (vedlegg til søknad er ikkje offentlege)
038/10	10/455	Tilskot frå Næringsfondet - Solbjørg Drift A/S	U Ikkje offentleg (vedlegg til søknad er ikkje offentlege)
039/10	10/157	Norheimsund Industrier AS - likviditetslån for uteståande del av emisjon.	
040/10	09/78	Samarbeidsavtale med Lolland kommune om ny, fornybar energi som grunnlag for vekst og grøn næringsutvikling	

SAKNR. 035/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet: Framlegg til faste saker var vedteke med tillegg av ekstra løyving til ecomuseum.

Utvalet drøfta spørsmål ordførar og ass.rådmann hadde i samband med deltaking på omdømmeskulen.

Utvalet sitt kvarter: Brigte Olav Gåsdal stilte spørsmål om kommunen hadde vore i dialog med innbyggjar om vasskvalitet. Ordføraren orienterte at i den konkrete saka på Tysse er det gjennomført tiltak som no gjev god nok vasskvalitet.

PØ-035/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Utvalet slutta seg til at ei ekstra sak kunne handsamast: Utvalet slutta seg i tillegg til følgjande; Ekstra løyving i samband med opning av ekomuseum hos Johannes Tysse sin tønneproduksjon. Samnanger kommune v/ordførar er vertskap og ordførar får inntil kr. 20.000 frå næringsfondet til disposisjon i samband opninga. Fylkesmann Lars Sponheim, og om lag 60-80 gjestar vil vera til stades
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 036/10
FINANSIERING YTRE TYSSE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ytre Tysse, byggjetrinn 1 finansierast med lån inntil kr 8 000 000,-. Nedbetalingstid 35 år.

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

PØ-036/10 VEDTAK:

Ytre Tysse, byggjetrinn 1 finansierast med lån inntil kr 8 000 000,-. Nedbetalingstid 35 år.

SAKNR. 037/10
SØKNAD OM TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET I HØVE TILDELT DROSJELØYVE - TROND HAGA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen Sp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Trond Haga får eit tilskot på kr. 270.000,- frå Næringsfondet til å etablera drosjeverksemd i Samnanger. Føresetnaden er at Haga gjennomfører drosjeløyvekurs og overtek drosjeløyve.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-037/10 VEDTAK:

Trond Haga får eit tilskot på kr. 270.000,- frå Næringsfondet til å etablera drosjeverksemd i Samnanger. Føresetnaden er at Haga gjennomfører drosjeløyvekurs og overtek drosjeløyve.

SAKNR. 038/10

TILSKOT FRÅ NÆRINGSFONDET - SOLBJØRG DRIFT A/S

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Bright Olav Gåsdal Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Solbjørg drift A/S får eit tilskot frå Næringsfondet på kr.75.000,- til investeringar jfr. Søknad dagsett 25.08.10.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PØ-038/10 VEDTAK:

Solbjørg drift A/S får eit tilskot frå Næringsfondet på kr.75.000,- til investeringar jfr. Søknad dagsett 25.08.10.

SAKNR. 039/10

NORHEIMSUND INDUSTRIER AS - LIKVIDITETSLÅN FOR UTESTÅANDE DEL AV EMISJON.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Marit A. Aase Krf. sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune yter Norheimsund Industrier AS eit likviditetslån på kr. 280.000,-. Vidare som saksframlegg Jondal kommune, sjå vedlegg.”

Tyra Pedersen Frp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune yter ikke lån til Norheimsund industrier.”

Tyra Pedersen sitt framlegg fekk 1 røyst.

Marit A. Aase sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke

PØ-039/10 VEDTAK:

Samnanger kommune yter Norheimsund Industrier AS eit likviditetslån på kr. 280.000,-.

Lånet er avdragsfritt i tre år, og skal betalast fullt ut tilbake innan 01.09.2013.

Rente på lånet er 5% p.a. og forfell til betaling 1. september kvart år.

Låntakar må dekke alle gebyr og utgifter.

Lånet vert finansiert ved bruk av lånemidlar over investeringsbudsjettet og midlane vert etter at låneperioden er ute nytta til å redusera bruk av kommunale lånemidlar.

SAKNR. 040/10

SAMARBEIDSAVTALE MED LOLLAND KOMMUNE OM NY, FORNYBAR ENERGI SOM GRUNNLAG FOR VEKST OG GRØN NÆRINGSUTVIKLING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vart lagt fram utan tilråding.

09.09.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune sluttar seg til intensjonsavtalen slik den ligg føre.”

Framlegget vart samrøystes vedteke

PØ-040/10 VEDTAK:

Samnanger kommune sluttar seg til intensjonsavtalen slik den ligg føre.

